

Regjeringas inkluderingsdugnad må levere

Altfor få unge med funksjonsnedsetjingar har ein jobb å gå til. Ein rapport frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) viste i fjor at sysselsetjingsdelen falt 10,5 % for funksjonshemma i alderen mellom 15 og 24 år. Samstundes viser ein annan SSB-rapport frå i haust at berre 40 % av unge funksjonshemma er nøgde med livet og opplever at det dei driv med er meningsfylt. Landsmøtet i Norges Handikapforbunds Ungdom (NHFU) meiner dette set ekstra store krav til regjeringa sin inkluderingsdugnad, og forventar tiltak for å gi fleire unge med funksjonsnedsetjingar jobbtilbod.

I framlegget til statsbudsjett for 2019 føreslår regjeringa å setje av 125 millionar til inkluderingsdugnaden og 200 nye plassar i varig tilrettelagde arbeidsplassar (VTA). Det er òg varsla at regjeringa vil auke bruken av lønstilskot og styrke opplæringstilbodet for folke med såkalla «svake kvalifikasjonar». Ein vektlegg òg at partane i arbeidslivet må ta ansvar og at NAV skal trappe opp marknads- og rekrutteringsarbeidet. Dette er tiltak som NHFU ynskjer velkomen, men saknar større tiltak meir målretta mot unge menneske med funksjonsnedsetjingar.

Sjølv om regjeringa seier at staten skal gå føre i inkluderingsarbeidet, fryktar vi at dugnadsdelen av satsinga blir for stor, at det blir for få konkrete verkemiddel og for få midlar til å stå bak dei store orda – og at resultatane dimed kan utebli. I følgje den nemnte rapporten om livskvalitet blir det trekt fram at arbeidstilknytning og helsetilstand heng saman. Vel 83 % av unge i befolkninga er sysselsette, medan berre 51 % av unge med funksjonsnedsetjingar er det. Mange sysselsette funksjonshemma jobbar redusert tid. 6 av 10 unge funksjonshemma jobbar heiltid, medan 8 av 10 jobbar heiltid i befolkninga. Av unge med funksjonsnedsetjingar som ikkje er sysselsette, ynskjer nærmare 4 av 10 seg ein jobb. Dette er tal som inga ansvarleg regjering kan vere nøgd med.

Samstundes syner SSB-rapporten om sysselsetting frå 2017 at svært mange som ynskjer å arbeide, ikkje blir rekna som arbeidsledige. Berre 24 000 av 91 000 funksjonshemma utan jobb var kvalifisert som arbeidsledig. I tillegg rapporterte mange at arbeidssituasjonen er for lite tilpassa. 52 % av dei tilsette hadde fått tilpassingar. Av dei som ikkje hadde fått det, meinte 12 % at tilpassingar var naudsynt. Av dei som hadde fått tilpassingar, meinte 18 % at det var behov for meir. Dette er òg tal som syner at arbeidslivet i altfor stor grad berre er tilpassa menneske utan funksjonsnedsetjingar.

Landsmøtet i NHFU ser positivt på dei signala og satsinga regjeringa har lagt til rette for. Samstundes ber vi om at regjeringa nyttar høvet fram til endeleg budsjett skal vedtakast med å finne midlar og verkemiddel som kan gi endå fleire unge med funksjonsnedsetjingar jobbmoglegheiter. Med fleire tiltak vil vonleg fleire arbeidsgivarar sjå at unge funksjonsnedsette er ressursar for deira arbeidsplass, ikkje ein byrde dei må ta på seg for å «ta ein for laget».